

# Forsvar folkeretten, heime og ute

**Vedtatt av SVs landsstyre 20. mars 2021.**

Dei neste to åra er Noreg medlem av Sikkerheitsrådet i FN. Regjeringa har sagt at dei i denne perioden vil prioritera respekt for folkeretten og menneskerettane. SV krev at regjeringa trappar opp innsatsen, både heime og internasjonalt, for å forsvare folkeretten og løfte palestinarane sine grunnleggande rettar.

Gjennom 2020 har verdssamfunnet vore vitne til ei eskalering av brota på folkeretten i det okkuperte Palestina. Israel har konsekvent ignorert vedtak og resolusjonar frå FN-organa. FN sitt kontor for koordinering av humanitær innsats (OCHA) har i løpet av 2020 rapportert om at det israelske forsvaret har rive eit rekordhøgt tal bustadar på Vestbredden. Ifølgje den israelske fredsorganisasjonen Peace Now har òg talet på godkjende busettingar auka i pandemiåret. Denne verkelegheita krev at Noreg trappar opp innsatsen for implementeringa av FN-resolusjonane som fordømmer busettingspolitikken, og aukar presset på Israel.

I Vest-Jerusalem skal dei no utvida bybana og knyta ho til israelske koloniar på okkupert palestinsk land. Det er eit baskisk selskap som har fått kontrakten på arbeidet, men dei skal utføra det i partnerskap med eit israelsk selskap. Dette siste selskapet står oppført på FN si liste over firma som driv lovstridig verksemd på okkuperte palestinske område. Det er fleire andre selskap i same kategori som deltek i arbeidet, og den norske staten ved oljefondet har investert i fleire av desse selskapa. Selskapa er dessutan prekvalifisert for tilbod på nye lokaltog til Norske tog. SV ber om at den norske staten trekkjer ut investeringane frå slike selskap og at norske myndigheiter ikkje tillet selskap som er involvert i folkerettsbrot å delta i norske anbuds konkurransar.